



CD



Klaverkonsert i a-moll

AV: Edvard Grieg

MED: Kristiansand symfoniorkester

SOLIST: Percy Grainger

A-mollkonserten anno 1921

Sjølvsagt måtte det vera trollmennene i Lindberg Lyd som står bak denne kuriositeten: Griegs a-mollkonsert med Kristiansand symfoniorkester og med den britiske komponisten, pianisten og Grieg-beundraren Percy Grainger som solist. Men er ikkje Grainger for lengst død? Jaudå, i 1961, men mens han levde var han svært oppteken av korleis ein teknisk kunne fange og «hermetisere» lyd. Så han let etter seg ei svær samling rullar med opptak frå automatpiano, deriblant a-mollkonserten i eiga utforming.

Dermed kan vi i dag høyre Grainger i samspel med Sørlandets beste musikarar og med Rolf Gupta som dirigent. Dei gamle opptaka er sjølvsagt behandla etter alle kunstens reglar, og på denne produksjonen er det dessutan blitt plass til Grieg sjølv slik han spela m.a. *Bryllupsdag på Troidhaugen* i 1906. I tillegg Griegs fiolinsonate med Øyvind Bjørå på fiolin og Rex Lawson på eit moderne pianola og altså i ei nyare innspeling.

Kuriositet? Jauvisst, men så mykje godt arbeid ligg bak at vi meir enn gjerne let oss rive med av Griegs vidunderlege musikk og gløymer alle dei tekniske krumspiringa som måtte til...

■ ■ TORE SKAUG

TIRSDAG 8. SEPTEMBER 2009

TA